

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 07.02. 2013  
Sakhandsamar: **Lena Forgaard**  
Saka gjeld: **Styringsdokument 2013 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS**

**Arkivsak**  
2013/108/  
**Styresak 022/13 B**

**Styremøte 06.03. 2013**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2013 for Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.03. 2013.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2013 for Helse Fonna HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.03. 2013.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2013 for Helse Bergen HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.03. 2013.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2013 for Helse Førde HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.03. 2013.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2013 for Sjukehusapoteka Vest i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.03. 2013.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2013 for Helse Vest IKT i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.03. 2013.
7. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2013 for Helse Vest IKT i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.03. 2013.
8. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2013 for Helse Vest IKT i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.03. 2013.

## Oppsummering

Styringsbodskapen til helseføretaka og Helse Vest IKT blir årleg formidla gjennom eit heilskapleg styringsdokument. Styringsdokumenta inneheld overordna signal om blant anna bruk av midlar og om prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, undervising, forskning og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

## Fakta

Gjennom styringsdokument vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein heilskapleg og samla styringsbodskap for 2013. Styringsdokumenta skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemdene og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Det er likevel ikkje slik at dei samla krava til helseføretaka går fram av styringsdokumenta. Dokumenta utfyller og konkretiserer ei rekkje oppgåver som det skal leggast vekt på og prioriterast. Desse oppgåvene må ein sjå i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2013 til Helse Vest RHF og styringskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 30.01.2013.

Sentrale element i styringa for 2013 er tydelege krav til resultat og utvikling av tenesta for å møte dei utfordringane spesialisthelsetenesta står overfor. Summert opp er det 6 område som ein vi rå til at Helse Vest følgjer særleg opp i 2013:

- Samhandlingsreforma
- Pasienttryggleik
- Psykisk helsevern og rusproblematikk
- Ventetider og fristbrot
- Økonomi
- IKT

I tillegg ber Helse Vest RHF helseføretaka ha merksemd kring dei tiltaka som helse- og omsorgsministeren har peika på i sin tale til sjukehusa 30. januar 2013. Tiltaka, som alle er utforma for å gi pasientane eit betre tilbod, er følgjande:

- Lengre opningstid ved sjukehusa
- Det skal arbeidast for ein heiltidskultur og redusert bruk av deltid
- Betre oppgåvedeling mellom dei som arbeidar ved sjukehusa
- Avvikle systemet med kvotefordeling av legestillingar
- Fjerne unødig rapportering
- Raskare diagnostisering ved alvorleg sjukdom
- Forsking, innovasjon og utprøving av ny teknologi
- Betre metodar for prioritering i sjukehusa
- Sterkare samordning på tvers av regionane
- Betre leiing ved norske sjukehus

I dokumenta blir ikkje bestemte organisatoriske krav og føringar frå tidlegare år gjenteke med mindre det frå ein eigarståstad framleis er nødvendig å ha eit særskild fokus på kravet eller føringa. Eldre krav og føringar vil likevel framleis gjelde dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg uttala.

## Kommentarar

Styringsdokumenta til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har ein felles oppbygging. Innholdsmessig er punkta som omhandlar dei helsefaglege styringskrava, ressursgrunlaget og dei økonomiske krav og rammevilkår, tilpassa det enkelte føretak.

Styringsdokumenta til Apoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS følgjer i hovudtrekk same oppbygging som dei andre styringsdokumenta, men er korta ned og tilpassa at desse har eit særskilt og avgrensa ansvar.

I styringsdokumenta blir det stilt krav til korleis helseføretaka gjennom rapportering og årleg melding

skal gjere greie for korleis styringsdokumenta og dei krav som her blir stilt, har blitt følgd opp eller blir planlagd følgd opp. Heilskapleg rapportering skal skje i eigarlinja.

Vedlegg:

1. Styringsdokument 2013 Helse Stavanger HF med vedlegg (i eige hefte)
2. Styringsdokument 2013 Helse Bergen HF med vedlegg (i eige hefte)
3. Styringsdokument 2013 Helse Fonna HF med vedlegg (i eige hefte)
4. Styringsdokument 2013 Helse Førde HF med vedlegg (i eige hefte)
5. Styringsdokument 2013 Apoteka Vest med vedlegg (i eige hefte)
6. Styringsdokument 2013 Helse Vest IKT med vedlegg (i eige hefte)